

Fra: Knut Inge Andersen (knia@equinor.com)

Sendt: 09.12.2020 08:15:43

Til: Politisk

Kopi: Jon Askeland; Bertil Søfteland; Haugland, Nils

Emne: Interpellasjon : Vestland vil bli leiande i arbeidet for å førebygge ulukker på sjøen

Vedlegg:

Vestland vil bli leiande i arbeidet for å førebyggje ulukker på sjøen

I november 2020 omkom ein person i Kalvåg, Bremanger etter at ein bil med 2 personar hamna i sjøen.

Fram til no i 2020 har 12 personar mista livet i Vestland som følgje av drukning.

Denne ulukkesårsaka er dermed om lag på same nivå som omkomne i trafikken i fylket vårt.

Vestland fylke har eit stort og koordinert arbeid når det gjeld førebygging av trafikkulukker.

Vi har trafikktryggingsutval, trafikktryggleikskonferanse og det vert delt ut trafikktryggleikspris.

Fylket vårt er eit stort ferje- og båtfylke. Dei fleste bur i nærleik til sjøen og mange har, eller planlegg å skaffe seg, fritidsbåt. Dette er opphav til mykje positiv aktivitet og god folkehelse. Likevel er det ulukkestatalet knytta til sjø, båtliv, bading og fall frå land for høgt.

Spørsmål til fylkesordføraren:

- Korleis organiserer Vestland fylke pr i dag innsatsen knytta til førebygging av ulukker på sjøen, inkl drukning?
- Kan trafikktryggleiksutvalet få eit utvida ansvarsfelt eller bør innsatsen organiserast på annan måte?

Framlegg til vedtak

- Vestland ønskjer å være eit leiande fylke i arbeidet for trygg ferdsle på sjøen og den førebyggande innsatsen for å få ned talet på drukningsulukker i fylket. Fylket skal ha ein nullvisjon for talet på omkomne på sjøen. Vestland skal i 2021 utarbeide ein strategiplan og starte iverksetjing av konkrete tiltak for å nå dette målet.

Helsing

Knut Inge Andersen

Fylkestingsrepresentant

Folkeaksjonen Nei til meir bompengar

90584170

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.

Thank you